



OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	26.09.2018
Kl.	10:35 – 16:00

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Fylkesvaraordfører Åshild Kjelsnes var møteleiar i sak 90/18 og sakene 92 – 96/18.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesordfører Jenny Følling var ikkje til stades under handsaminga av sak 90/18 og sakene 92 - 95/18. Ho kom til møtet medan fylkesutvalet handsama sak 96/18 og var med på delar av avrøystinga i denne saka.

Sak 91/18 vart handsama etter sak 96/18. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår under.

Fylkesutvalet valde Åshild Kjelsnes og Trude Brosvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

I sak 90/18 vart fylkesutvalet utvida med leiaren i hovudutvalet for opplæring, Karianne Torvanger, og nestleiaren i hovudutvalet for næring og kultur, Jakob André Sandal, jf. § 6 i vedtektene for Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond, Sogn og Fjordane.

Helen Hjertaas fekk permisjon frå kl. 15.10 og deltok ikkje under heile handsaminga av pkt. 3 under «Munnlege orienteringar og avklaringar».

Munnlege orienteringar og avklaringar:

1. Fylkesutvalet gav fylkesrådmannen mynde til å sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet eit innspel i høve det nye inntektssystemet for fylkeskommunane frå 2020.
2. Fylkesrådmannen orienterte om ei jordskiftesak som ein grunneigar i Vågsøy kommune har reist mot fylkeskommunen.

3. Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, orienterte ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-208. Styreleiaren og konsernsjefen i SFE, Per Atle Kjøllesdal og Johannes Rauboti, samt dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS, Jan Øhickers, var til stades og fekk høve til å kome til orde. Fylkesutvalet drøfta prosessen og konkluderte med at saka vert utgreidd i tråd med drøftingane i møtet.
 - ✓ Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene i samband med orienteringa og drøftinga, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.
 - ✓ Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Gunhild Berge Stang og fann ho habil.

SAK 90/18 Tildeling frå Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond 2018 (MAREKO)

VEDTAK:

1. Fondsstyret for Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) vurderer føreliggjande søknad frå Måløy vidaregåande skule om midlar til eit treårig engasjement for å få vidareutvikla det marine opplæringstilbodet ved skulen som ein god søknad.
2. Fondsstyret konstaterer at det omsøkte prosjektet er godt forankra i partnerskapen gjennom godkjent handlingsplan for Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane, og er i tråd med det som næringa ser på som si største utfordring: Å auke rekrutteringa til yrke i marin sektor.
3. Fondsstyret løyver kr. 3 450 000,- til prosjektet. Dette utgjer om lag 50 % av fondet sin estimerte kapital pr. 2018. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp løyvinga.

SAK 91/18 Møteplan 2019

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

FYLKESTINGET:

Tysdag 26. mars*
Tysdag/onsdag 4. og 5. juni
Tysdag 8. oktober
Tysdag/onsdag 3. og 4. desember*

*Møte i fylkestinget dersom nok saker.

Fylkesordføraren får fullmakt til å avgjere kvar fylkestinga skal haldast.

FYLKESUTVALET:

Onsdag 23. januar
Onsdag 6. mars
Måndag 25. mars (før FT)
Torsdag 9. mai
Onsdag 29. mai
Måndag 3. juni (før FT)
Onsdag 19. juni
Onsdag 28. august
Onsdag 2. oktober
Måndag 7. oktober (før FT)
Torsdag 31. oktober
Onsdag 20. november
Måndag 2. desember (før FT)

I samband med møta i fylkesutvalet kan det også bli møte i finansutvalet og/eller planutvalet.

FINANSUTVALET:

Følgjande datoar blir førebels sett reservert for møte i finansutvalet:

Onsdag 6. mars

Torsdag 9. mai
Onsdag 2. oktober
Måndag 7. oktober
Torsdag 31. oktober
Onsdag 20. november

**DRØFTINGSMØTE MED FYLKESUTVALET, FYLKESHOVUDTILLITSVALDE,
FYLKESHOVUDVERNEOMBODET OG HOVUDSAMARBEIDSUTVALET:**

Onsdag 19. juni
Onsdag 20. november

POLITIKARDAGAR:

Måndag 27.mai
Måndag 30. september
Måndag 18. november

DAGAR FOR FELLES MØTE I HOVUDUTVALA:

Tysdag 28. mai
Tysdag 1. oktober
Tysdag 19. november

**MØTE MED STORTINGSREPRESENTANTANE, FYLKESMANNEN, INNOVASJON NORGE, NHO
OG HØGSKULEN:**

Dato for desse møta blir fastsett seinare.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:
Møte i fylkestinget 26. mars vert flytta til 24. april.
Møte i fylkesutvalet 25. mars vert flytta til 23. april.
Det vert sett opp eit møte i fylkesutvalet 8. april.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, og framlegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

FYLKESTINGET:

Onsdag 24. april*
Tysdag/onsdag 4. og 5. juni
Tysdag 8. oktober
Tysdag/onsdag 3. og 4. desember*

*Møte i fylkestinget dersom nok saker.

Fylkesordføraren får fullmakt til å avgjere kvar fylkestinga skal haldast.

FYLKESUTVALET:

Onsdag 23. januar
Onsdag 6. mars
Måndag 8. april
Tysdag 23. april (før FT)

Torsdag 9. mai
Onsdag 29. mai
Måndag 3. juni (før FT)
Onsdag 19. juni
Onsdag 28. august
Onsdag 2. oktober
Måndag 7. oktober (før FT)
Torsdag 31. oktober
Onsdag 20. november
Måndag 2. desember (før FT)

I samband med møta i fylkesutvalet kan det også bli møte i finansutvalet og/eller planutvalet.

FINANSUTVALET:

Følgjande datoar blir førebels sett reservert for møte i finansutvalet:

Onsdag 6. mars
Torsdag 9. mai
Onsdag 2. oktober
Måndag 7. oktober
Torsdag 31. oktober
Onsdag 20. november

DRØFTINGSMØTE MED FYLKESUTVALET, FYLKESHOVUDTILLITSVALDE, FYLKESHOVUDVERNEOMBODET OG HOVUDSAMARBEIDSUTVALET:

Onsdag 19. juni
Onsdag 20. november

POLITIKARDAGAR:

Måndag 27. mai
Måndag 30. september
Måndag 18. november

DAGAR FOR FELLES MØTE I HOVUDUTVALA:

Tysdag 28. mai
Tysdag 1. oktober
Tysdag 19. november

MØTE MED STORTINGSREPRESENTANTANE, FYLKESMANNEN, INNOVASJON NORGE, NHO OG HØGSKULEN:

Dato for desse møta blir fastsett seinare.

SAK 92/18 Reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesutvalet vedtek reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane slik dei går fram av vedlegg 1.

SAK 93/18 Høyring - mandat for nye nasjonale fagråd i fagskulesektoren

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune stør punkta som kjem fram i høyringa, med følgjande merknader:

- a. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør mindretalet sin dissens om at det vert stilt krav om fagleg kompetanse til medlemne i fagråda
 - b. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør alternativ 1 om leing i dei nasjonale fagråda, der fagskulesektoren har leiar og partane i arbeidslivet har nestleiar.
-

SAK 94/18 Oppseiing av avtalane om kjøp av PP-tenester

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert vidareførte slik at avtalane er gyldige til 31.12.2019.
 2. Avtalar med kommunar om kjøp og sal av PP-tenester vert sagt opp frå 01.01.2020.
-

SAK 95/18 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av låneavtale

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente- og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS fram til 31.12.2020, med gjeldande vilkår. Ved ev. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.

SAK 96/18 Eigarmelding 2018

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.

2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap:
Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For F1 Holding AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 47/17.

C. For Sogn og Fjordane Revisjon IKS syner fylkestinget til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018.

D. For Njøs Næringsutvikling AS vidarefører fylkestinget eigarskapen inntil vidare.

E. For Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

Fylkesutvalet handsama og røysta over kvart enkelt av selskapa i pkt. 3 for seg.

Fylkesutvalet fann Hilmar Høl, Sigurd Reksnes og Aleksander Øren Heen inhabile til å delta ved handsaminga av høvesvis Sogn og Fjordane Holding AS (Høl), Trivselshagen IKS (Reksnes) og F1 Holding AS (Heen), jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 3C i fylkesrådmannen si tilråding: På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 i det nemnde møtet, startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

Sigurd Reksnes sette fram slikt framlegg til vedtak:
Fylkeskommunen vidarefører eigarskapen i Norsk Fjordhestsenter AS.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding i punkt 1, 2 og 3A, B og D vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå fylkesutvalet i punkt 3C vart samrøystes vedteke.

Punkt 3E i fylkesrådmannen si tilråding vedkomande Firda Billag AS vart samrøystes vedteke.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta for fylkesrådmannen si tilråding i punkt 3E vedkomande Norsk Fjordhestsenter AS.

Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Gunhild Berge Stang og Bjørn Hollevik røysta for framlegget frå Sigurd Reksnes vedkomande Norsk Fjordhestsenter AS, som dermed vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.

2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap:
Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS og Vigo IKS, og dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. For F1 Holding AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 47/17.

C. For Sogn og Fjordane Revisjon IKS syner fylkestinget til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018. På bakgrunn av fellesnemnda sitt vedtak i sak 34/18 i det nemnde møtet, startar fylkeskommunen arbeidet med å tre ut av Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

D. For Njøs Næringsutvikling AS vidarefører fylkestinget eigarskapen inntil vidare.

E. For Firda Billag AS syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

SAK 97/18 Fusjon mellom Origod AS og Mentro AS

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet har ikkje merknadar til fusjonsplanen for Origod AS og Mentro AS dagsett 27.08.18.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentantane til Origod AS og Mentro AS stemme for styra sine forslag til vedtak - slik desse går fram av punkt 5 i vedlagde fusjonsplan av 27.08.18 - på ekstraordinær generalforsamling 01.10.18.
3. For Origod AS ber fylkesutvalet eigarrepresentanten stemme for forslaga i vedlagde innkalling av 27.08.18 om aksjesplitt og vedtektsendringar.

SAK 98/18 Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.

Endringsframlegg:

Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 3 i innkjøpsstrategien: For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen:

- Stille krav til strategi for å redusere bruk av plast/emballasje i relevante innkjøp

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Desse punkta, som står i noverande innkjøpsstrategi, vert også teke vidare i den nye:

- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby lærlingplassar
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine legge vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre og Venstre vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding, med delrøystingar som synt ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vedteke i samsvar med vedlegg 1 med slike tillegg:

- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby lærlingplassar
- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine legge vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk

Nytt kulepunkt under punkt 3 ii, «For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen»:

- Stille krav til strategi for å redusere bruk av plast/emballasje i relevante innkjøp

SAK 99/18 Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1.

SAK 100/18 Revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter

Fylkesrådmannen la i møtet fram to tilleggsformuleringar til avsnittet i planprogrammet som heiter «Transport, folkehelse, klima og miljø».

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet varslar om oppstart for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter.
 2. Planprogram for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter blir lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring fram til 9. november 2018.
 3. Dersom fylkesrådmannen ser behov for kjøp av tenester knytt til planarbeidet, får han høve til det - innafor gjeldande budsjetttrammer.
-

SAK 101/18 Overføring av forvaltningsansvar for statlege fiskerihamner - problemstillinger og prosess

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er kritisk til at det ikkje vert overført ressursar i form av personell i samband med overføring av forvaltningsansvaret for fiskerihamner frå Kystverket til fylkeskommunane. Tilgang til kompetent personell vil vere viktig for å gjere overgangen så enkel som mogleg og sikre kontinuitet i prosjektplanlegginga. Fylkeskommunen kan ikkje, med si noverande bemanning, dekke spesialkompetanse innan desse fagområda.
2. Fylkesutvalet er uroa for at dei økonomiske ressursane som vert stilt til rådvelde ikkje vil dekke vedlikehaldsetterslepet på fysisk infrastruktur i fiskerihamnene. Oversikt over vedlikehaldsetterslep må ligge føre i god tid før signering av avtale om overtaking. Fylkesutvalet legg til grunn at staten - ved overføringa av forvaltningsansvaret for fiskerihamnene - sikrar at dei nye fylka vert gitt administrative og økonomiske ressursar som sikrar kompetanse og kontinuitet i arbeidet.
3. Fylkesutvalet har merka seg at Kystverket foreslår at avtale om overtaking vert signert i mai/juni 2019, og ber om at dette tidspunktet vert sett nærare dato for overtaking.
4. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å følgje opp prosessen med Kystverket om overtaking av dei statlege fiskerihamnene. Den vidare prosessen bør koordinerast med Hordaland fylkeskommune, ev. gjennom Fellesnemnda.

SAK 102/18 Kjøp av Florø idrettsenter

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak: Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen kjøper Florø Idrettssenter av Florø Idrettssenter AS for 52 mill. kr.
2. Fylkeskommunen føreset at Flora kommune inngår leigeavtalar for innvandrarsenteret og idrettsareala slik det er skissert i saka.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå endeleg avtale om kjøp og utleige. Det er føreset at Florø idrettssenter AS gjer tilsvarande vedtak med mandat til å inngå endeleg avtale. Ein legg til grunn at forpliktingane Flora kommune gjer vert vidareført av nye Kinn kommune.
4. Samla kostnader til kjøp, opprusting og drift av anlegget, samt tilhøyrande finansiering, vert å innarbeide i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Gunhild Berge Stang, Bjørn Hollevik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta for fylkesrådmannen si tilråding.
Aleksander Øren Heen røysta mot fylkesrådmannen si tilråding.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen kjøper Florø Idrettssenter av Florø Idrettssenter AS for 52 mill. kr.
2. Fylkeskommunen føreset at Flora kommune inngår leigeavtalar for innvandrarsenteret og idrettsareala slik det er skissert i saka.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå endeleg avtale om kjøp og utleige. Det er føreset at Florø idrettssenter AS gjer tilsvarande vedtak med mandat til å inngå endeleg avtale. Ein legg til grunn at forpliktingane Flora kommune gjer vert vidareført av nye Kinn kommune.
4. Samla kostnader til kjøp, opprusting og drift av anlegget, samt tilhøyrande finansiering, vert å innarbeide i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

SAK 103/18 Fv. 618 Barmsund ferjekai – søknad om fråvik frå krefter som kan takast av bergboltar

VEDTAK:

Det vert gjeve fråvik frå krav til krefter som kan takast av bergboltar i vegnormal N400 Bruprosjektering pkt. 11.6.4.1.

SAK 104/18 Søknad om midlar til ferjelem på Skorpa i Flora kommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Flora kommune får eit tilskott på 3,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa. Det vert stilt som føresetnad at kommunen overtek fv. 553 som kommunal veg i den stand den er i dag.
 2. Tilskottet vert finansiert med tilgjengelege driftsmidlar i 2018. Naudsynte endringar i driftsbudsjett 2018 vert vedteke i saka om tertialrapport 2/18 som går parallelt med denne saka.
 3. Dersom Flora kommune ikkje ønskjer å overta fv. 553, vert det gitt eit tilskott på 2,5 mill. kr til bygging av ferjelem på Skorpa.
-

SAK 105/18 Tertialrapport 2/2018

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Statlege overføringar vert auka med 31,388 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 6,000 mill. kr.
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 1,217 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,600 mill. kr
- 5 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 25,288 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 18,272 mill. kr i tråd med vedlegg 2. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 7,016 mill. kr*
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 5,770 mill. kr med slik fordeling:
*Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning vert auka med 1,270 mill. kr.
Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 3,500 mill. kr
Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr*

- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 4,377 mill. kr med slik fordeling:
- Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 2,990 mill. kr*
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 0,570 mill. kr*
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 3,430 mill. kr*
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 2,100 mill. kr*
 - Teneste 5152 Eleveksamen vert auka med 0,600 mill. kr*
 - Teneste 5200 Pedagogisk leining mv vert auka med 1,330 mill. kr*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,100 mill. kr*
 - Teneste 5540 Fagskuleutdanning vert redusert med 0,150 mill. kr*
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 2,500 mill. kr*
 - Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,600 mill. kr*
 - Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,207 mill. kr*
- 8 Innanfor sektorbudsjettet til samferdsle vert det gjort følgjande omdisponeringar:
- Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald vert redusert med 1,700 mill. kr*
 - Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 4,500 mill. kr*
 - Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,700 mill. kr*
 - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 1,900 mill. kr*
 - Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 1,700 mill. kr*
 - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,900 mill. kr*
- 9 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,440 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og nytta til breibandsatsing i 2019.
- 10 Teneste 7750 Idrett vert redusert med 16,000 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 5,224 mill. kr
- B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018**
- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
 - 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
 - 3 Inntekter frå sal av aksjar vert auka med 0,135 mill. kr. Inntekta vert avsett til kapitalfondet.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
 - 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.
-

SAK 106/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 26. september 2018 - oppdatert 25.09.18

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Årdal - Fv. 303 Seimdsalstunnelen.
Vedtak:
Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen greiar ut dei tre alternativa skissert i notatet og legg fram ei sak for politisk handsaming så snart som råd.

- 2: Notat om statsstøtte og statsstøtteregelverket
 - 3a og b: Kommunearchivordninga
Notat - Valg av organisasjonsform for interkommunal arkivordning
 - 4: Nytt opplæringsfartøy - status og vidare arbeid
 - 5: Søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv 606 Ytre Steinsund bru i Sogn og Fjordane
 - 6: KS Haustkonferanse 25. oktober 2018
 - 7: Søknad om midlar – Svelgen Opp og Fram
 - 8: Enighet mellom regjeringspartiene og KrF om oppgaveoverføring og regionreform
-